



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1920 - 15/12714


Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
27.10.2015

## Delingssak gbnr 48/10 Solend søndre - ny grunneigedom for industri/erver - dispensasjon frå plankrav - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om frådelling av eigedom med formål industri.


Eigedomen som er søkt frådelt er heile den vestre teigen av gbnr 48/1.






### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor område som etter Kommunedelplan for Manger, planid. 12602007000700, har arealføremål industri-erver.



Kommunedelplan for Manger

Eigedomen er delvis berørt av Anna veggrunn etter reguleringsplan for RV565 Tolleshaug – Soltveit, planid. 12602006000800. Reguleringsplan for RV565 Tolleshaug – Soltveit overlapper med reguleringsplan for Manger sentrum når det gjeld fylkesveg.



Reguleringsplan for Manger sentrum og reguleringsplan for RV565 Tolleshaug-Soltveit

Reguleringsplan for Manger sentrum – Radøy auto, planid. 12601989000200, viser tiltenkt avkjørsle til eigedomen over industrieigedomen gbnr 48/16 tilhørende Radøy kommune.



Reguleringsplan for Manger sentrum – Radøy auto

Det er knytt plankrav til området etter føresegnene til Kommunedelplan for Manger pkt 4.a:

*«For alle byggeområde kan tiltak nemnt i plan- og bygningslova §§ 81, 86a, 86b og 93 ikkje startast før det er omfatta av ein reguleringsplan (§ 20-4 a)»*

### Adkomst og avkjørsle

Det er ikkje opparbeidd avkjørsle frå fylkesveg 409 til eigedomen, og kommunen kan ikkje sjå at det er søkt Statens vegvesen om avkjørsle.

### Ortofoto



### Kommunen sin vurdering

Det er kommunen sin vurdering at det kan være grunnlag for å unnta frå krav om regulering for delings-saka og at utarbeiding av reguleringsplan kan skje før det vert søkt om løyve til tiltak.

Kommune sin vurdering bygger på at det ikkje er av avgjerande betydning for reguleringsplanen kven som er grunneigar på reguleringstidspunktet. Parsellen som er søkt frådelt er ein heil teig av gbnr 48/1 og frådelling endar såleis ikkje eigedomsgrensar, bare eigartilhøva. For selgar og kjøpar av området er ordning av eigedomstilhøva viktig før ein går inn i ein reguleringsplanprosess.

#### **Uttalefrist**

Kommunen ber om Statens vegvesen sin uttale i saka innan 4 veker, jf. plan- og bygingslova § 21-5.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Turid Jordal

Pb 89

5936

MANGER

#### **Mottakarar:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

Leikanger